

Invitasjon til kurs — Å meistre Adobe Photoshop Lightroom 3



Tema

Library | Develop | Slideshow | Print | Web

- Komme i gang med Lightroom
- Slik fungerer Lightroom
- Innstillingar
- Import av bilde
- Organisering av bilde
- Filtrering av bilde
- Grunnleggande justeringar
- Eksport
- Lysbildeframvising
- Utskrift
- Webgalleri
- Det blir lagt vekt på arbeidsflyt i organisering og justering med øvingar i konkrete eksempel.

Tid og sted, lengde, pris, kursbevis, osv

Sted: Skodje, Gomerhuset
Tid: Fredag 30.09. kl 18 — 21
Laurdag 01.10. kl 10 — 16
Søndag 02.10. kl 12 — 15
Lengde: 12 timar
Pris: Kr 1900 for medlemmer
Kr 2500 for andre
Bindande påmelding: arnold@mimer.no
Påmeldingsfrist: Først til mølla, 29.09.

Betaling: Innan kurset startar
Kontonummer: 39103999123
Tal deltakarar: Inntil 8
Dersom fleire enn 8 melder seg, blir det sett opp kurs seinare.
Kursbevis: Alle som fullfører får kursbevis

Utstyr m.m.

Maskin og programvare

- Kvar deltakar må ha med eigen datamaskin med USB-kabel/kortlesar for å koble til kameraet
- Under kurset kan vi bruke ein gratis prøveversjon av Lightroom. Den fungerer i 30 dagar. Dersom du i løpet av kurset finn at du vil kjøpe programmet, tilfredsstiller dette kurset krava til å få kjøpe programmet gjennom NSFF til svært gunstig pris, kr 1100, mot vanleg ca. kr 2800.
- Deltakarane får utdelt ei CD-plate med øvingsmateriell og programvare.
- Sjå <http://www.adobe.com/no/products/photoshoplightroom/> om krav til datamaskin.
- Kurset vil dekke både Windows- og Mac-brukarar.



Instruktør: Arnold Hoddevik

Arnold har vore instruktør på ei lang rekkje datakurs både i jobb og på fritida sidan slutten av 80-talet. Han har utarbeidd brukarhandbøker for fleire dataprogram og kursmateriell for kurs innan WordPerfect, MS-Dos, Word, Excel, Windows, Publisher, internett og epost, fleire fagprogram i jobb, og har hatt oppdrag for Landbruks- og matdepartementet, Statens Kornforretning, Statens Landbruksforvaltning, Ørskog vaksenopplæring og Friundervisninga i Ålesund. Han er ivrig hobbyfotograf, og har brukt digitale teknikkar sidan 2002, er nestleiar i Skodje fotoklubb, og har brukt fleire forskjellige bilderedigeringsprogram - Lightroom sidan det vart lansert.

